

ÅRSMELDING FOR SØK -STIFTINGA I 2022

A. INNLEIING

2022 er det andre driftsåret for SØK-Stiftinga etter at Stiftinga vart etablert av styret i Skånevik Ølen Kraftlag AS (SØK AS) etter vedtak på Generalforsamlinga i SØK AS den 30. august 2021. På stiftingsdatoen 21. september 2021 fastsette styret i SØK AS vedtekter og styret for SØK-stiftinga, i samsvar med vedtak på Generalforsamlinga i SØK AS den 30. august 2021. Stiftinga heiter «SØK-stiftinga for allmennyttige og liknande føremål i SØK-området» og vart registrert i Einingsregisteret, Stiftingsregisteret og Frivilligregisteret den 11. oktober 2021.

B. ÅRSMØTET I STIFTINGA

Årsmøtet er valforsamling i Stiftinga og står for val av styre og andre tillitsvalde. Årsmøtet får årsmelding og rekneskap til orientering. Samansetjinga av årsmøtet er fastsett i vedtektene. Årsmøtet vart halde 31. mai 2022 i Skånevik.

C. STYRET

Styret er høgste organ i Stiftinga og hadde denne samansetjing etter årsmøtet i 2022:

| | | |
|-------------------------------|---------------|-------------------------------------|
| Gunnar Dalen | Leiar | vald for 2 år i 2021. På val i 2023 |
| Maren Tungesvik Tveiten | Nestleiar | vald for 2 år i 2021. På val i 2023 |
| Rune Hetland | Styremedlem | vald for 2 år i 2021. På val i 2023 |
| Roar Knudsen | Styremedlem | vald for 2 år i 2022. På val i 2024 |
| Halvor Helle Gundersen | Styremedlem | vald for 2 år i 2022. På val i 2024 |
| Leon Dyngeland | 1. varamedlem | vald for 2 år i 2021. På val i 2023 |
| Liv Astrid Halvorsen Hesjedal | 2. varamedlem | vald for 2 år i 2022. På val i 2024 |

D. STYREARBEIDET I 2022

Styret skal arbeida for å gjennomføra føremåla for stiftinga og leia stiftinga i samsvar med vedtektene og gjeldande lovverk. Styret skal forvalta kapitalen på ein føremålstenleg måte med tanke på langsiktig verdiauke av kapitalen i stiftinga, risikospreiing, likviditet og avkastning.

Stiftinga skal vidareføra stiftaren Skånevik Ølen Kraftlag AS sin funksjon som støttespelar for ulike allmennyttige og liknande føremål i SØK-området, og støtta samfunnsnyttige tiltak og aktivitetar, samt fremja allmennyttige og liknande føremål til beste for innbyggjarane i SØK-området. Stiftinga kan også samarbeida med og gi støtte til andre aktørar som driv bygde- og næringsutvikling.

Styret har i 2022 hatt 3 styremøte og 24 saker oppe til handsaming. I tillegg har styret hatt to kontaktmøte med mottakarar av støtte.

1. Tildeling av støtte

Den største oppgåva til styret er dela ut den årlege støtta frå Stiftinga. Tildelinga skal byggja på vedtektene og dei «Generelle retningslinjene for tildeling av støtte frå Stiftinga», sjå kapittel E nedanfor. Desse retningslinjene er av fundamental og generell karakter, og gjeld for dei årlege tildelingane framover.

Den årlege tildelingsprosessen blir gjennomført i to trinn:

- a. Først, og før opning av den årlege søknadsrunden, blir den økonomiske ramma for årets utdeling fastsett og grovfordelt på dei ulike føremåla, basert på vedtektene og dei «Generelle retningslinjer for tildeling av støtte frå Stiftinga». Desse vedtaka blir samla i eit dokument som heiter «Ramme og retningslinjer for tildeling av støtte for gjeldande år», sjå kapittel F nedanfor. Dette dokumentet blir lagt ut på søknadsportalen og er grunnlaget for årets søknadsrunde og tildeling.
- b. Etter gjennomført søknadsrunde, blir årets støtte fordelt etter innkomne søknader og i samsvar med årets fastsette ramme og retningslinjer for tildeling av støtte. For tildelingar som ikkje har gjennomføringsfrist, blir støtta utbetalt i søknadsåret. Årets tildeling er referert i kapittel G.

2. Utfasing av fiber som støtteføremål

Ved tildeling av støtte i 2021 vart det avsett ei ramme for støtte til fiberutbygging med kr 900 000. Tildeling av støtta vart utsett då det ikkje låg føre byggjeklare prosjekt. HK Fiber har oppdatert Stiftinga gjennom året om fiberutbygginga i Etne og Vindafjord kommunar. I siste oppdatering den 9. august 2022 stadfester HK Fiber at av aktuelle fiberprosjekt for SØK-stiftinga, er det berre Bjoa Skule - Haugsgjerdet som er klart for bygging i 2022/23. Den utsette tildelingssaka frå 2021 kom difor opp til vedtak i styremøte den 6. sept. 2022 saman med spørsmålet om utfasing av fiberutbygging som støtteføremål.

I saksdokumenta heiter det:

«SØK-området nærmar seg nå fullt utbygd med første generasjons fibernett eller anna breibanddekning. Etne kommune har kome lengst, og attverande område vil få dekning frå eit samarbeidsprosjekt om breibandutbygging mellom kommunen og fylkeskommunen.

I Vindafjord kommune er det framleis ein del stader som er utan breibanddekning. I tillegg til strekninga Bjoa skule - Haugsgjerdet, er det ei lang strekning frå Utbjoa til Vikebygd som ikkje har dekning. Denne strekninga har ei høgspenline frå 1950, og utbygging av fiber vil i følgje HK Fiber bli gjort i samband med fornying av høgspenlina. Vidare er nordsida av Ølsfjorden (Stangeland – Dreganes) utan god dekning i dag, og dette området vil bli utløyst ved hjelp av 5G – breiband frå ny mobilmast på Vaka, i følgje kommunen.

Vidare fortetting av lokalnett, vedlikehald og oppgradering av fiberanlegga i begge kommunar er leverandørane sitt ansvar, dvs. HK Fiber og BKK Fiber. Stiftinga kan dermed leggja til grunn at det ikkje vil vera behov for årleg tildeling av støtte til fiberutbygging framover.

I vedtektene er det slått fast at : «Stiftaren sin ambisjon er at stiftinga skal vidareføra SØK AS sitt støtteomfang og fordeling til ulike støtteføremål i åra før etablering av stiftinga». Stiftinga kan dermed ikkje omdisponera støtta som har gått til fiberutbygging, fritt til alle andre støtteføremål, men må disponera den til «Andre bygdeutviklingstiltak» under føremål B i grovfordelingstabellen, der støtta til fiberutbygging har vore plassert.

Endringa opnar for at større bygdeutviklingsprosjekt, som grendelaga ikkje kan løysa med dei tildelingane dei får årleg, kan bli direkte søkjarar under føremål B. Dette er ei vesentleg endring som moglege søkjarar i SØK-området bør få kjennskap til ved årets søknadsrunde.

Styret drøfta utfasing av støtte til fiberutbygging under formål B: «Støtte til fiber / Andre bygdeutviklingstiltak», og gav støtte til å endra nemninga for formål B til «Andre bygdeutviklingstiltak». Styret vurderer at det i nær framtid er lite sannsynleg med fleire fiberutbyggingar i det omfanget som SØK AS har støtta. På lengre sikt inneber endringa at Stiftinga vil vurdere evt. støtte til fiberutbygging eller andre infrastrukturtiltak på line med andre større bygdeutviklingstiltak. I Stiftinga sine vedtekter § 9 blir det slått fast at «Stiftaren sin ambisjon er at stiftinga skal vidareføra SØK AS sitt støtteomfang og fordeling til ulike støtteformål.»

SØK AS gav årleg støtte til fiber (formål B) på frå 720 000 – 1 mill. kr, og fordelte støtta basert på ein kommunevis fordelingsnøkkel på 50/50. Denne fordelingsnøkkel vart fastsett til 60/40 i skipingsdokument og vedtekter. Styret legg skipingsdokument og vedtekter til grunn, og vil vidareføra omfanget for «Andre bygdeutviklingstiltak» og likeins leggja den kommunevise fordelingsnøkkel på 60/40 til grunn for fordeling av støtta til «Andre bygdeutviklingstiltak».

Styrevedtak: *SØK-stiftinga løyver 900 000 kr til fiberprosjektet Bjoa skule – Haugsgjerdet. Utbetaling skjer når prosjektet er gjennomført, seinast innan 31.12.2023.*

Ved grovfordeling av ramma for tildeling av støtte for 2022 og åra framover skal føremål B kallast : «Andre bygdeutviklingstiltak». Ambisjonen for omfanget av støtte til føremål B og geografisk fordeling mellom kommunane (60/40) står fast, jfr. vedtekter og stiftingsdokument.»

E. Generelle retningslinjer for tildeling av støtte frå SØK -Stiftinga

1. Bakgrunn

Generalforsamlinga i SØK AS gjorde følgjande vedtak på møtet den 30. august 2021:

«Generalforsamlinga sluttar seg til styrets forslag om å etablere ei SØK-stifting som skal overta og vidareføra SØK AS sin funksjon som støttespelar for allmennyttige og liknande formål i SØK sitt geografiske område. Generalforsamlinga sluttar seg òg til styrets forslag til vedtekter for Stiftinga og forslag til samansetjing av styret m.m.

Generalforsamlinga sluttar seg til styrets forslag om at SØK ved sal av aksjar som selskapet har erverva i Haugaland Kraft AS, skal overføra 20 % av netto salsoppgjer til SØK-stiftinga for allmennyttige og liknande føremål. Fram til SØK AS sel aksjane i HK skal finansiering av Stiftinga sikrast ved at SØK AS skriv ut eit gjeldsbrev til Stiftinga, pålydande 20 % av det framtidige salsoppgjeret for HK-aksjane. Gjeldsbrevet forfell til betaling når SØK AS sel aksjane i HK. I perioden 2021-2025 skal SØK AS betala Stiftinga ei årleg rente på 2,7 mill. kr, med start i 2021. Etter 2025 skal renta setjast til 3 mill. kr, eller 20 % av årleg utbytte frå HK, viss dette utgjer meir enn 3 mill. kr.»

SØK-stiftinga for allmennyttige og liknande føremål i SØK-området vart i september 2021 etablert av styret i SØK AS med dei vedtektene og det styret/den valnemnda som Generalforsamlinga i SØK AS slutta seg til og som er referert i Vedlegg 2 og 3 til protokollen frå Generalforsamlinga. Stiftinga vil i samsvar med vedtaket ta imot 20 % av det framtidige salsoppgjeret for SØK AS sine aksjar i Haugaland Kraft AS. Fram til SØK AS sel aksjane sine i Haugaland Kraft AS, skal SØK AS betala Stiftinga ei årleg rente på 2,7 mill. kr per år fram til 2025. Etter 2025 aukar renta til 3 mill. kr eller til 20 % av utbyttet frå Haugaland Kraft AS, viss dette utgjer meir enn 3 mill. kr.

2. Vedtektene seier korleis styret skal disponera midlane i Stiftinga

§ 9 : Disponering av midlane i stiftinga

«Tildeling av gåver og støtte skal vedtakast av styret og skal vera i samsvar med stiftinga sine føremål og reglane nedanfor. I samsvar med § 2 skal stiftinga vidareføra Skånevik Ølen Kraftlag AS sin funksjon som støttespelar for ulike allmennyttige og liknande føremål i SØK-området. Stiftinga kan som ein del av denne funksjonen samarbeida med andre om bygde- og næringsutvikling. Stiftinga skal støtta samfunnsnyttige tiltak og aktivitetar, samt fremja allmennyttige føremål til beste for innbyggjarane i SØK-området. Stiftaren sin ambisjon er at stiftinga skal vidareføra SØK AS sitt støtteomfang og fordeling til ulike støtteføremål i åra før etablering av stiftinga.

Styret skal følgja desse reglane ved tildeling av støtte:

- Støtte til anlegg og forsamlingshus skal tildelast etter søknad og basert på aktiviteten og storleiken på anlegget / forsamlingshuset.
- Støtte til barne- og ungdomsarbeid for barn skal tildelast etter søknad basert på antal aktive medlemmer under 16 år i lag / organisasjonar.
- Støtte til bygde- og næringsutvikling skal tildelast etter søknad og med 60 % til Gamle Ølen Kommune og 40 % Gamle Skånevik Kommune. Fordelinga på bygdenivå skal følgja følgjande prosentsats for kvar bygde: Vikebygd, Bjoa og Åkrafjorden med 10 % kvar, Ølen og Ølensvåg med 20 % kvar og Skånevik med 30 %. For å støtta opp om større prosjekt kan ein avvika frå denne fordelinga i den årlege støtta, men fordelinga skal gjelda for samla støtte over ein periode på 5 år. Denne fordelinga skal vurderast på nytt kvart tiande år.
- Støtte til kulturarvprosjekt og andre føremål skal tildelast etter søknad basert på konkrete planar.
- Støtte til store prosjekt som ikkje kan dekkast av årsresultatet, skal styret leggja fram for årsmøtet til uttale.
- Samla årleg støtte skal ikkje overstiga to gonger årsresultatet.

Styret skal setja som vilkår for støtte at dei som blir tildelt midlar skal rapportera bruken av mottekne midlar og leggja fram rekneskap og årsmelding som stadfester at bruken av midlane er i samsvar med søknaden. Stiftinga skal leggja opp til at søknadsprosessen og rapporteringa skjer elektronisk på stiftinga si heimeside.»

3. SØK AS sitt støtteomfang og fordeling av støtta i åra 2018 - 2020

I vedtaket på Generalforsamlinga i SØK AS i august 2021 og i vedtektene for Stiftinga er det lagt til grunn at **Stiftinga skal vidareføra SØK AS sitt støtteomfang og fordeling til ulike støtteformål i åra før etablering av stiftinga.** I Retningslinjene for investeringar og ressursbruk i SØK AS var støtteføremåla delt i to hovudgrupper, og årsmeldingane for SØK AS viser følgjande tildelingar frå 2018 -2020, som vist i tabellen nedanfor:

1. **Bygde- og næringsutvikling, inkl. fiberutbygging, har blitt tildelt den største ramma, 75 % av årleg støtte.** Denne ramma har blitt fordelt nokolunde likt på kvart av dei to føremåla:
 - a. Tilskot til Grende- og Bygdeutviklingslag eller andre partnerar: **36 %** (33 - 38 %)
 - b. Toppfinansiering av fiber/breibandutbygging: **39 %** (37 – 40 %)
2. **Andre allmennyttige føremål har blitt tildelt om lag 25 % av årleg støtte.** Denne ramma har blitt dimensjonert og fordelt etter søknader basert på storleik, aktivitet og medlemstal, og viser difor større variasjon. Denne kategorien inneheld følgjande element og andel av årleg støtte, rekna som gjennomsnitt for tre-årsperioden:

- a. Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus : **12 %** (12 - 13 %) av årleg støtte
- b. Støtte til barne- og ungdomsarbeid (under 16 år): **8 %** (7– 9 %) av årleg støtte
- c. Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid: **2 %** (2- 3 %) av årleg støtte
- d. Ekstra koronastøtte til fleire allmennyttige føremål i 2020: **3 %** (9 % i 2020)

SØK-støtte til SØK-bygdene dei siste tre åra

| | 2018 i kr | 2018 i % | 2019 i kr | 2019 i % | 2020 i kr | 2020 i % |
|-----------------------------|--------------|-------------|--------------|-------------|--------------|-------------|
| Fiberutbygging | 720 000 | 38% | 1 000 000 | 40% | 1 000 000 | 37 / 40% |
| Bygde- og Næringsutvikling | 720 000 | 38% | 900 000 | 37% | 900 000 | 33 / 37% |
| Anlegg og forsamlingshus | 255 000 | 13% | 285 000 | 12% | 310 000 | 12 / 13% |
| Barne- og ungdomsarbeid | 171 800 | 9% | 202 500 | 8% | 191 250 | 7 / 8% |
| Kulturarv og sogelagsarbeid | 35 000 | 2% | 60 000 | 3% | 55 000 | 2 / 2% |
| Ekstra koronastøtte | | | | | *250 000 | 9 / 0% |
| Sum | 1 901 800 | | 2 447 500 | | 2 706 250 | med/utan * |



4. SØK AS sine retningslinjer for ressursbruk for 2021/22

Generalforsamlinga i SØK AS vedtok på møtet den 30. august 2021 retningslinjer for SØK AS sin ressursbruk, noko som gir ei konkret rettesnor på kva Stiftaren sine ambisjonar om «vidareføring av støtteomfang og tildelingskriteria» betyr i praksis for 2021/22:

«Maksimalrammene for tildeling av støtte i 2021/22 skal vera inntil 2,5 mill. kr og innanfor følgjande ramar for følgjande føremål:

- Inntil 900 000 kr til Bygde- og næringsutvikling
- Inntil 1 000 000 kr til fiberutbygging
- Inntil 600 000 kr til Andre Allmennyttige føremål

Styret skal ved disponering av ramma ta omsyn til handlingsrommet innanfor årets utbyte frå HK. Tildelinga av støtte skal basera seg på søknader og rapportert bruk av støtte frå tidlegare tildelingar.

- Støtte til fiberutbygging skal berre tildelast til prosjekt i samarbeid med HK og prosjekta skal vera klar til oppstart / gjennomføring i arbeidsåret.
- Støtte til Bygde- og næringsutvikling m.m. skal fordelast med 40 % til «Gamle Skånevik» og 60 % til «Gamle Ølen. Bygdevis fordeling av denne støtta skal byggja på følgjande forholdstal: Vikebygd, Bjoa og Åkrafjorden: 10 % kvar, Ølensvåg og Ølen: 20 % kvar og Skånevik: 30 %.»

Styret i Stiftinga legg til grunn at samarbeidet med grendelaga om bygde- og næringsutvikling skal vidareførast. Styret forutset at grendene i Åkrafjorden organiserer seg i eitt lag som dekker alle grendelaga.

5. Årleg støtteomfang frå Stiftinga

I saksframlegget til Generalforsamlinga i SØK AS i 2021 vart det lagt til grunn at Stiftinga skulle tilførast ein kapital som gjorde det mogleg for Stiftinga å vidareføra eit støtteomfang på om lag 2,5 mill. kr årleg (2017 kroner). Det faktiske omfanget av støtte dei tre siste åra var på 1,9 mill. kr i 2018, 2,4 mill. kr i 2019 og 2,7 mill. kr i 2020. Basert på Stiftaren sine uttrykte ambisjonar og Stiftaren sine faktiske tildelingar, vil ei «**vidareføring av den årlege tildelinga**» tilseia ei ramme på inn til 2,5 mill. kr (2017 – kr).

Styret i Stiftinga skal kvart år før søknadsrunden fastsetja ramma for årets tildeling, og gjera ei grovfordeling av den årlege ramma til ulike føremål i samsvar med punkta **3, 4 og 5** ovanfor.

Innanfor den årlege ramma kan Stiftinga disponera inntekter og kapital på ein måte som tillèt fleksibilitet mellom år, men som følgjer det fastsette rammegjennomsnittet over 5 år.

6. Gjennomføring av Stiftinga si tildeling av støtte

Styret legg til grunn at tildeling av støtte skal skje årleg når inntektene til Stiftinga tillèt det. Søknadsskjema for støtte skal vera tilgjengeleg på SØK si nettside i god tid før den årlege søknadsfristen, som Styret fastset. Søknader skal leverast på nettsida, og søkjarane skal leggja ved følgjande dokumentasjon:

- Omtale av søknaden
- Rekneskap og årsmelding for siste kalenderår
- Aktiviteten i laget / prosjektet siste kalenderår
- Liste over betalande medlemmer i laget, når dette er relevant
- Synleggjering av støtte frå SØK-stiftinga, når dette er relevant

Ved handsaming av søknadane skal det leggjast opp til å nytta følgjande reglar:

- Tildelinga skal tilpassast den årlege ramma og den grovfordelinga til ulike føremål som styret har fastsett før søknadsrunden
- Tildelinga innanfor dei ulike føremåla blir deretter gjennomført innanfor den grovfordelte ramma og basert på mottekne rapportar og søknader:
 - Fordeling til bygde- og næringsutvikling med om lag 50 % til grendelag og 50 % til andre tiltak
 - Fordeling til drift av anlegg og forsamlingshus med grunnlag i kapasitet / storleik
 - Fordeling til kvart lag / organisasjon med ein lik sum per betalande medlem under 16 år
Til lag med liten aktivitet (mindre enn 6 arrangement i året) kan det gjerast avkorting i støtta med inntil 50 % ut frå regelen om lik sum per betalande medlem
 - Fordeling til sogelag / kulturarvsarbeid med grunnlag i aktivitetsplan og budsjett
- Alle søkjarar som er ein organisasjon, lag eller liknande må dokumentera at det er halde årsmøte med val og årsmelding med rekneskap som viser korleis støtta frå SØK er brukt
- Søknad om støtte til avgrensa prosjekt der søknadssummen er over 100 000 kr, skal innehalda prosjektomtale, finansieringsplan og framdriftsplan. Søkjar kan bli kalla inn til Stiftinga for å presentera prosjektet.
- Til søkjarar som ikkje oppfyller vilkåra til søknaden, ikkje rapporterer bruk av tidlegare støtte eller ikkje møter på kontaktmøte, kan det gjerast avkorting i støtta ut frå reglane ovanfor.

Fastsett av Styret 6. september 2022.

F. Ramme og retningslinjer for tildeling av støtte i 2022

Styret i Stiftinga har fastsett Generelle retningslinjer for tildeling av støtte frå Stiftinga. Desse byggjer på vedtektene i Stiftinga, på stiftingsdokumentet og andre ambisjonar for Stiftinga som Stiftaren, SØK AS, har nedfelt i saksframlegg og vedtak i Generalforsamlinga den 30. august 2021. Styret i Stiftinga skal kvart år fastsetja ramme for årets tildeling og detaljerte reglar og vilkår for støtte.

1. Støtteomfang frå Stiftinga i 2022

I saksframlegget til Generalforsamlinga i SØK AS i 2021 vart det lagt til grunn at Stiftinga skulle tilførast ein kapital som gjorde det mogleg for Stiftinga å vidareføra eit støtteomfang på om lag 2,5 mill. kr årleg (2017 kroner). Det faktiske omfanget av støtte dei tre siste åra var på 1,9 mill. kr i 2018, 2,4 mill. kr i 2019 og 2,7 mill. kr i 2020. Basert på Stiftaren sine uttrykte ambisjonar og Stiftaren sine faktiske tildelingar, vil ei «**vidareføring av den årlege tildelinga**» tilseia ei ramme på inn til 2,5 mill. kr (2017 – kr).

Styret i Stiftinga vil innanfor denne årlege ramma disponera Stiftinga sine inntekter og kapital på ein måte som tillèt fleksibilitet mellom år, men som følgjer det fastsette rammegjennomsnittet over 5 år.

Vedtak: *Styret fastset ramma for tildeling av støtte i 2022 til 2,5 mill. kr.*

2. Gjennomføring av Stiftinga si tildeling av støtte i 2022

Styret legg til grunn at tildeling av støtte skal skje årleg når inntektene til Stiftinga tillèt det. Søknadsskjema for støtte skal vera tilgjengeleg på SØK si nettside i god tid før den årlege søknadsfristen, som Styret fastset. Søknader skal leverast på nettsida. Det er mogeleg å søkja på fleire føremål (A-E), men søknaden må då bli delt opp slik at det blir sendt inn ein søknad for kvart føremål. Søkjjarane skal leggja ved følgjande dokumentasjon:

- Omtale av søknaden
- Rekneskap og årsmelding for siste kalenderår
- Aktiviteten i laget / prosjektet siste kalenderår
- Liste over betalande medlemmer i laget, når dette er relevant
- Synleggjering av støtte frå SØK-stiftinga, når dette er relevant

Ved handsaming av søknadane skal det leggjast opp til å nytta følgjande reglar:

- Tildeling skal tilpassast den årlege ramma og den grovfordelinga til ulike føremål som styret har fastsett før søknadsrunden.
- Tildeling innanfor dei ulike føremåla blir deretter gjennomført innanfor den grovfordelte ramma og basert på mottekne rapportar og søknader:
 - Fordeling til bygde- og næringsutvikling med om lag 50 % til grendelag og 50 % til andre tiltak
 - Fordeling til drift av anlegg og forsamlingshus med grunnlag i kapasitet / storleik
 - Fordeling til kvart lag / organisasjon med ein lik sum per betalande medlem under 16 år
Til lag med liten aktivitet (mindre enn 6 arrangement i året) kan det gjerast avkorting i støtta med inntil 50 % ut frå regelen om lik sum per betalande medlem
 - Fordeling til sogelag / kulturarvsarbeid med grunnlag i aktivitetsplan og budsjett
- Alle søkjarar som er ein organisasjon, lag eller liknande må dokumentera at det er halde årsmøte med val og årsmelding med rekneskap som viser korleis støtta frå SØK er brukt

- Søknad om støtte til avgrensa prosjekt der søknadssummen er over 100 000 kr, skal innehalda prosjekttomtale, finansieringsplan og framdriftsplan. Søkjar kan bli kalla inn til Stiftinga for å presentera prosjektet.
- Til søkjarar som ikkje oppfyller vilkåra til søknaden, ikkje rapporterer bruk av tidlegare støtte eller ikkje møter på kontaktmøte, kan det gjerast avkorting i støtta.

Vedtak: Styret legg reglane ovanfor til grunn ved tildeling av støtte i 2022

3. Grovfordeling av støtta frå Stiftinga i 2022

Vedtak: Ut frå vedtekter, stiftingsdokument og dokumenterte ambisjonar frå Stiftaren, vedtar Styret følgjande grovfordeling for tildeling av støtte for 2022 (2021-tildelinga i parentes):

| | | | |
|----|--|---------------------|--------------------|
| A. | Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag | kr 900 000 | (900 000) |
| B. | Støtte til andre bygdeutviklingstiltak | kr 900 000 | (900 000) |
| C. | Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus | kr 350 000 | (355 000) |
| D. | Støtte til barne- og ungdomsarbeid | kr 210 000 | (209 000) |
| E. | Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid | kr 70 000 | (75 000) |
| F. | Reserve | kr 70 000 | |
| | Ramme for fordeling | kr 2 500 000 | (2 439 000) |

Endeleg tildeling blir gjort i styremøte i SØK-stiftinga etter at søknadsrunden 2022 er avslutta.

Fastsett av Styret 6. september 2022.

G. Vedtatt utdeling av støtte frå Stiftinga i 2022:

SØK-stiftinga mottok 86 søknadar frå 60 ulike lag og organisasjonar til ulike formål hausten 2022, med total søknadssum på kr. 7 520 250,-. I 2021 var den totale søknadssummen på 4 181 000.

| Formål | Tal søknadar | Søknadar beløp | Ramme 2022 |
|---|--------------|------------------|------------------|
| A. Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag | 6 | 725 000 | 900 000 |
| B. Støtte til andre bygdeutviklingstiltak | 22 | 5 222 500 | 900 000 |
| C. Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus | 30 | 1 001 000 | 350 000 |
| D. Støtte til barne- og ungdomsarbeid | 23 | 376 750 | 210 000 |
| E. Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid | 5 | 195 000 | 70 000 |
| F. Reserve | | | 70 000 |
| Totalsum | 86 | 7 520 250 | 2 500 000 |

Formål A. Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag

| Lag | Tildelt - 2022 |
|--|----------------|
| Bjoa Bygdeutviklingslag | 90 000 |
| Skånevik Bygdeutviklingslag Forvaltningsstyret | 270 000 |
| Ølen Grendautval | 180 000 |
| Ølensvåg Grendeutval | 180 000 |
| Åkrafjorden Landskapspark | 90 000 |
| Vikebygd Grendautval | 90 000 |
| Totalsum | 900 000 |

Formål B. Støtte til andre bygdeutviklingstiltak

| Lag | Tildelt - 2022 |
|---|----------------|
| Bjoa Idrettslag | 40 000 |
| FAU Skånevik Skule | 60 000 |
| I.L Gro | 35 000 |
| Innbjoa Bedehus | 5 000 |
| Markhus Bedehus (via Vilde Lundal Rossebø) | 30 000 |
| Skånevik Idrettslag | 150 000 |
| Skånevik Skyttarlag | 50 000 |
| Stiftelsen Sjøkanten Trivsel | 35 000 |
| Utbjoa Grendahus | 40 000 |
| Vikebygd Bygdahus SA | 40 000 |
| Vikebygd Idrettslag | 25 000 |
| Vikebygd Kyrkje (Den Norske Kirke I Vindafjord) | 10 000 |
| Vindafjord Jakt Og Fiskelag | 20 000 |
| Vindafjord Turlag | 5 000 |
| Vågen Bedehus | 200 000 |
| Vågen Diskgolf | 20 000 |

| | |
|---------------------------------|----------------|
| Ølen Etne Vindafjord Hundeklubb | 15 000 |
| Ølen Idrettslag | 50 000 |
| Ølen Kulturhus SA | 50 000 |
| Ølen Skyttarlag | 20 000 |
| Totalsum | 900 000 |

Formål C. Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus

| Lag | Tildelt - 2022 |
|---|-----------------------|
| Betlehem | 10 000 |
| Bjoa Bygdeutviklingslag | 10 000 |
| Bjoa Idrettslag | 10 000 |
| Bjoa Sanitetsforening | 5 000 |
| Brandøy Misjons- og Konferansesenter AS | 10 000 |
| Bygdelaget Haugsbu | 5 000 |
| Ebne Bedehus | 5 000 |
| Ebne Gamle Skulehus | 5 000 |
| Fjæra Og Rullestad II | 5 000 |
| I.L Gro | 10 000 |
| Innbjoa Bedehus | 5 000 |
| Kyrkjetunet Stiftelse | 5 000 |
| Markhus Skulehus | 5 000 |
| Molnes Indremisjon | 5 000 |
| Skånevik Indremisjon | 5 000 |
| Skånevik Kultur Og Idrettshall SA | 50 000 |
| Skånevik Skyttarlag | 10 000 |
| Utbjoa Grendahus | 10 000 |
| Vaka Grendahus | 5 000 |
| Vikebygd Bygdahus SA | 40 000 |
| Vikebygd Idrettslag | 10 000 |

| | |
|-------------------------|----------------|
| Vindafjord Turlag | 10 000 |
| Vågen Bedehus | 10 000 |
| Vågen Bedehusforsamling | 5 000 |
| Vågen Bygdasenter | 5 000 |
| Vågen Diskgolf | 10 000 |
| Ølen Idrettslag | 20 000 |
| Ølen Kulturhus SA | 50 000 |
| Ølen Skyttarlag | 5 000 |
| Totalsum | 340 000 |

Formål D. Støtte til barne- og ungdomsarbeid

| Lag | Tildelt - 2022 |
|--|-----------------------|
| Bjoa Idrettslag | 11 250 |
| Credo - Innbjoa Bedehus | 4 500 |
| Daniel Guttelag | 7 500 |
| Enig og Tro Jentelaget | 5 000 |
| I.L Gro | 1 250 |
| Kyrkjetunet Stiftelse | 3 750 |
| Mini-Credo Innbjoa Bedehus | 2 250 |
| Norges Jeger Og Fiskerforbund Rogaland | 0 |
| Skånevik Idrettslag | 37 500 |
| Skånevik Skulekorps | 4 750 |
| Skånevik Skyttarlag | 6 250 |
| Skånevik Tripp Trapp Treff | 5 000 |
| Skånevikspeidarane | 12 250 |
| Tweens | 5 000 |
| Vikebygd Idrettslag | 8 100 |
| Vikebygd Kfuk/Kfum Speidarar | 12 000 |

| | |
|---------------------------------|----------------|
| Vindafjord Jakt Og Fiskelag | 8 750 |
| Vågen Bedehusforsamling | 7 500 |
| Vågen Diskgolf | 3 500 |
| Ølen Etne Vindafjord Hundeklubb | 2 000 |
| Ølen Idrettslag | 72 250 |
| Ølen Skyttarlag | 6 250 |
| Ølensvåg Søndagsskule | 8 000 |
| Totalsum | 234 600 |

Formål E. Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid

| Lag | Tildelt - 2022 |
|---|----------------|
| Stiftelsen Norsk Motormuseum | 15 000 |
| Vennelaget Elmina CO Åkrafjorden Oppleving AS | 15 000 |
| Ølen Husflidslag | 5 000 |
| Ølen Og Bjoa Historielag | 10 000 |
| Ølen Og Bjoa Sokneråd | 25 000 |
| Totalsum | 70 000 |

Samla tildeling 2022:

| Formål | Tildelt - 2022 |
|---|------------------|
| A. Tilskot til grendelag / bygdeutviklingslag | 900 000 |
| B. Støtte til andre bygdeutviklingstiltak | 900 000 |
| C. Støtte til drift av anlegg og forsamlingshus | 340 000 |
| D. Støtte til barne- og ungdomsarbeid | 239 600 |
| E. Støtte til kulturarv og sogelagsarbeid | 70 000 |
| F. Reserve | |
| Totalsum | 2 449 600 |

H. INFORMASJON TIL INNBYGGJARANE

SØK-stiftinga har ei heimeside på internett med adresse: www.sokstiftinga.no. Denne kanalen vil saman med annonser i lokalavisa vera hovudvegane for informasjon frå SØK. På heimesida vil eigarar og lokalmiljøet finna vedtektene for Stiftinga, Retningslinjer for støtte og søknadsportalen for støtte.

I. FINANSIELL RISIKO

SØK-stiftinga har pant i 20 % av dei aksjane SØK AS eig i Haugaland Kraft AS. Desse hadde på stiftingsdatoen ein antatt verdi på 80 mill. kr. SØK - stiftinga har tilfredsstillande likviditet og ikkje langsiktig gjeld. Likviditetsrisikoen vert vurdert som svært liten så lenge ein følgjer Retningslinjene for tildeling av støtte. Styret har kapitalforvaltninga som orienteringssak på alle styremøte.

J. RESULTATET OG BALANSEN

2022 er det andre driftsåret etter etableringa. Styret har lagt opp til ei enkel administrering av Stiftinga med ingen fast tilsette og innkjøp av alle sekretariatsfunksjonar frå Legria AS. Dette har fungert svært tilfredsstillande. Hovudinntekta til Stiftinga er den årlege renta som SØK AS betaler på gjeldsbrevet som er etablert mellom SØK AS og Stiftinga. Styret har drifta selskapet ut frå Vedtekter og Retningslinjer for tildeling av støtte. Utdelinga av støtte til fiberprosjekt på 900 000 kr som var ein del av støtteramma i 2021, blei utsett då og først vedtatt og bokført i 2022. Dette har såleis gitt ein rekneskapsmessig bølgeeffekt med motsett verknad for 2022 samanlikna med 2021, og medfører at rekneskapet for 2021 og 2022 bør vurderast saman. For 2022 er resultat på – 871 413,19 kr, medan det i 2021 var på 1 063 927,10 kr. Resultatet for dei to åra sett under eitt er 192 513,91 kr.

Eigenkapitalen var ved utgangen av året på 80 192 514,91 kr. Likviditeten er tilfredsstillande, og selskapet har ikkje langsiktig gjeld.

K. RESULTATDISPONERING

Styret gjer forslag om følgjande disponering av årsresultatet for 2022:

| | |
|--------------------------------|------------------------|
| Avsett til annan eigenkapital: | <u>kr - 871 413,91</u> |
| Sum overføring: | <u>kr - 871 413,91</u> |

Ølen, den 7. mars 2023

Styret i SØK-Stiftinga



Gunnar Dalen

Styreleiar



Maren Tunesvik Tveiten

Nestleiar



Rune Hetland

Styremedlem



Roar Knudsen

Styremedlem



Halvor Helle Gundersen

Styremedlem



Årsrekneskap 2022

Søk-stiftinga For Allmennyttige Og Liknande Føremål I Søk-området

Resultatrekneskap
Balanse
Notar til rekneskapen



Org.nr.: 927 867 176

RESULTATREKNESKAP

SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

| DRIFTSINNEKTER OG DRIFTSKOSTNADER | Note | 2022 | 2021 |
|-----------------------------------|------|------------|------------|
| Annan driftskostnad | | 3 594 645 | 1 636 072 |
| Sum driftskostnader | 5 | 3 594 645 | 1 636 072 |
| Driftsresultat | | -3 594 645 | -1 636 072 |
| FINANSINNEKTER OG FINANSKOSTNADER | | | |
| Anna renteinntekt | 3 | 2 723 232 | 2 700 000 |
| Resultat av finansposter | | 2 723 232 | 2 700 000 |
| Årsresultat | 4 | -871 413 | 1 063 928 |
| OVERFØRING | | | |
| Avsett til annan egenkapital | 4 | 0 | 1 063 928 |
| Overføring frå annan eigekapital | 4 | 871 413 | 0 |
| Sum overføringar | | -871 413 | 1 063 928 |

BALANSE

SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

| EIGEDELAR | Note | 2022 | 2021 |
|---|------|------------|------------|
| ANLEGGSMIDDEL | | | |
| FINANSIELLE ANLEGGSMIDDEL | | | |
| Långsiktig krav mot Skånevik Ølen Kraftlag AS | 3 | 79 000 000 | 79 000 000 |
| Sum finansielle anleggsmiddel | | 79 000 000 | 79 000 000 |
| Sum anleggsmiddel | | 79 000 000 | 79 000 000 |
| OMLØPSMIDDEL | | | |
| KRAV | | | |
| Andre kortsiktige krav | 3 | 0 | 1 700 000 |
| Sum krav | | 0 | 1 700 000 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | 3 061 338 | 488 537 |
| Sum omløpsmiddel | | 3 061 338 | 2 188 537 |
| Sum egedelar | | 82 061 338 | 81 188 537 |

BALANSE


SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

| EIGENKAPITAL OG GJELD | Note | 2022 | 2021 |
|-----------------------------------|------|-------------------|-------------------|
| EIGENKAPITAL | | | |
| INNSKOTEN EIGENKAPITAL | | | |
| Grunnkapital | 4 | 1 000 000 | 1 000 000 |
| Annan innskoten eigenkapital | 4 | 79 000 000 | 79 000 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | | 80 000 000 | 80 000 000 |
| OPPTENT EIGENKAPITAL | | | |
| Annan eigenkapital | 4 | 192 515 | 1 063 928 |
| Sum opptent eigenkapital | | 192 515 | 1 063 928 |
| Sum eigenkapital | | 80 192 515 | 81 063 928 |
| GJELD | | | |
| KORTSIKTIG GJELD | | | |
| Leverandørgjeld | | 21 073 | 94 608 |
| Anna kortsiktig gjeld | | 1 847 750 | 30 000 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 1 868 823 | 124 608 |
| Sum gjeld | | 1 868 823 | 124 608 |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 82 061 338 | 81 188 537 |

Styret i Søk-stiftinga For Allmenntyttige Og Liknande Føremål I Søk-området



Gunnar Dalen
styreleiar




Maren Tunesvik Tveiten
nestleiar



Rune Hetland
styremedlem



Roar Knudsen
styremedlem



Halvor Helle Gundersen
styremedlem

Notar til rekneskap 2022

Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og God regnskapsskikk for ideelle organisasjonar.

DRIFTSINNETKTER

Inntekter blir rekna som opptente når vilkåra for å motta inntektene er oppfylde og det er rimeleg sikkerheit for at ein vil motta inntektene. For ideelle organisasjonar si inntektsføring må følgjande tre kriterier vera oppfylte:

- Organisasjonen må ha juridisk rett til inntekta
- Det må vera rimeleg sikkert at inntekta vil bli mottatt
- Inntekten må kunne målast med tilstrekkelig pålitelighet.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV ANLEGGSMIDLAR

Anleggsmidlar omfattar eigedelar som er sette av til varig eige og bruk. Anleggsmidlar er vurderte til innkjøpskostnad. Varige driftsmidlar blir balanseførte og skrivne av over den økonomiske levetida deira. Varige driftsmidlar blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigående. Beløpet som kan attvinnast, er det høgste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av framtidige kontantstraumar som er knytte til eigedelen. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

Finansielle anleggsmiddel omfattar normalt postar som forfell til betaling minst eitt år etter balansedagen. Finansielle anleggsmiddel blir nedskrivne til beløpet som kan attvinnast ved verdifall som er venta å ikkje vere forbigående. Nedskrivinga blir reversert når grunnlaget for nedskrivinga ikkje lenger er til stades.

KLASSIFISERING OG VURDERING AV OMLØPSMIDLAR

Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld omfattar normalt postar som forfell til betaling seinast eitt år etter balansedagen. Omløpsmidlar blir vurderte til lågaste verdi av innkjøpskostnad og verkeleg verdi.

Note 1 Tilsette, godtgjeringar, honorar m.m.

Stiftinga har i 2022 ikkje hatt tilsette.

Note 2 Skatt

Stiftinga har ikkje erverv til føremål og er friteke for formues- og inntektsskatt etter skattelova § 2-32.

Notar til rekneskap 2022

Note 3 Krav

| | | |
|--|------------|------------|
| Kortsiktige krav | 2022 | 2021 |
| Påløpne renter fra Skånevik Ølen Kraftlag AS | 0 | 1 700 000 |
| Avsetning til tap | 0 | 0 |
| Balanseført verdi av kortsiktige krav 31.12 | 0 | 1 700 000 |
| Långsiktige krav | | |
| Krav mot Skånevik Ølen Kraftlag AS | 79 000 000 | 79 000 000 |
| Avsetning til tap | 0 | 0 |
| Balanseført verdi av långsiktige krav 31.12 | 79 000 000 | 79 000 000 |

Stiftingas utestående krav per 31.12. er fullt ut mot Skånevik Ølen Kraftlag AS.

Det langsiktige kravet blei etablert ved at stiftinga skal motta eit beløp tilsvarande 20 % av netto salsoppgjer eller annan realisasjon av aksjar som Skånevik Ølen Kraftlag AS eig i Haugaland Kraft AS. Heile beløpet forfell til betaling det tidspunkt Skånevik Ølen Kraftlag AS mottar oppgjer ved sal eller realisasjon av aksjane i Haugaland Kraft AS. I perioden 2021 til 2025 skal debitor betala ei årleg rente fastsett til 2,7 millionar kroner. Frå og med 2026 er det andre vilkår for renta med ei minimumsrente på 3,0 millionar kroner.

Note 4 Eigenkapital

| | Grunnkapital | Annan innskoten eigenkapital | Annan eigenkapital | Sum eigenkapital |
|-----------------|--------------|---------------------------------|-----------------------|---------------------|
| Per. 31.12.2021 | 1 000 000 | 79 000 000 | 1 063 928 | 81 063 928 |
| Per 01.01.2022 | 1 000 000 | 79 000 000 | 1 063 928 | 81 063 928 |
| Årets resultat | | | -871 413 | -871 413 |
| Per 31.12.2022 | 1 000 000 | 79 000 000 | 192 515 | 80 192 515 |

Note 5 Spesifikasjon av driftskostnader etter art

| | | |
|---|-----------|-----------|
| | 2022 | 2021 |
| Tildeling til bygde- og næringsutvikling | 900 000 | 900 000 |
| Tildeling til anlegg- og forsamlingshus | 340 000 | 355 000 |
| Tildeling til barne- og ungdomsarbeid | 234 600 | 209 000 |
| Tildeling til kulturarv og sogelagsarbeid | 65 000 | 75 000 |
| Tildeling til andre bygdeutviklingstiltak | 900 000 | 0 |
| Tildeling til fiberprosjekt Bjoa | 900 000 | 0 |
| Andre driftskostnader | 255 045 | 97 072 |
| Sum driftskostnader | 3 594 645 | 1 636 072 |

SØK Stiftinga er ein lokal bidragsytar som ynskjer å styrka lokal bygde- og næringsutviklingsprosjekt, gjennom støtte til lokale føremål i konsesjonsområdet. Kvart år tildeler SØK Stiftinga midlar til lokale prosjekt og aktørar som driv med friviljug arbeid, både for born, ungdom og vaksne.

Notar til rekneskap 2022

Tildelingar for 2022 kan sjåast på www.sokstiftinga.no

Note 6 Vidare drift

Årsrekneskapen er utarbeidd på grunnlag av forutsetning om vidare drift. Styret stadfestar at forutsetninga om vidare drift i Søk-stiftinga For Allmennyttige Og Liknande Føremål I Søk-området er til stades.

RESULTATREKNESKAP - SPESIFIKASJON

SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

| | 2022 | 2021 |
|--|-------------------|-------------------|
| Annan driftskostnad | | |
| 6701 Honorar revisjon | 30 625 | 0 |
| 6705 Honorar kontorarbeid/regnskap | 4 500 | 0 |
| 6710 Honorar styresekretariat | 183 669 | 59 902 |
| 6810 Data/EDB-kostnader | 14 359 | 0 |
| 6860 Møte, kurs, oppdatering o.l. | 5 525 | 0 |
| 6940 Porto | 79 | 0 |
| 7100 Bilgodtgjørelse | 2 264 | 0 |
| 7310 Annonser | 6 346 | 2 308 |
| 7320 Reklamekostnader | 938 | 30 156 |
| 7432 C Støtte til drift av anlegg og | 340 000 | 355 000 |
| 7433 D Støtte til barne- og | 234 600 | 209 000 |
| 7434 E Støtte til kulturarv og | 65 000 | 75 000 |
| 7435 A Støtte til bygde- og | 900 000 | 900 000 |
| 7436 B Støtte til andre | 900 000 | 0 |
| 7437 Støtte til fiberprosjekt Bjoa | 900 000 | 0 |
| 7600 Årsavgift Lotteri- og | 4 640 | 0 |
| 7710 Styre- og | 1 882 | 0 |
| 7770 Bank- og kortgebyrer | 219 | 156 |
| 7790 Andre kostnader (stiftelsesgebyr) | 0 | 4 550 |
| | 3 594 645 | 1 636 072 |
| Anna renteinntekt | | |
| 8040 Rente fra Skånevik Ølen | -2 700 000 | -2 700 000 |
| 8050 Renteinntekter bankinnskudd | -23 232 | 0 |
| | -2 723 232 | -2 700 000 |
| Avsett til annen egenkapital | | |
| 8960 Avsatt til annen egenkapital | 0 | 1 063 928 |
| | 0 | 1 063 928 |
| Overføring frå annan eige kapital | | |
| 8961 Overføringer fra annen egenkapital | -871 413 | 0 |
| | -871 413 | 0 |

BALANSE - SPESIFIKASJON

SØK-STIFTINGA FOR ALLMENNYTTIGE OG LIKNANDE FØREMÅL I SØK-OMRÅDET

| | 2022 | 2021 |
|---|-------------|-------------|
| Långsiktig krav mot Skånevik Ølen Kraftlag AS | | |
| 1390 Andre langsiktige fordringer | 79 000 000 | 79 000 000 |
| | 79 000 000 | 79 000 000 |
| Andre kortsiktige krav | | |
| 1500 Samlekonto debitor | 0 | 1 700 000 |
| | 0 | 1 700 000 |
| Bankinnskot, kontantar og liknande | | |
| 1920 Sparebanken Vest | 137 736 | 0 |
| 1925 Sparebanken Vest | 2 905 771 | 0 |
| 1930 Haugesund Sparebank | 17 831 | 488 537 |
| | 3 061 338 | 488 537 |
| Grunnkapital | | |
| 2000 Grunnkapital | -1 000 000 | -1 000 000 |
| | -1 000 000 | -1 000 000 |
| Annan innskoten egenkapital | | |
| 2030 Annen innskutt egenkapital | -79 000 000 | -79 000 000 |
| | -79 000 000 | -79 000 000 |
| Annan egenkapital | | |
| 2050 Annen egenkapital | -192 515 | -1 063 928 |
| | -192 515 | -1 063 928 |
| Leverandørgjeld | | |
| 2400 Samlekonto kreditor | -21 073 | -94 608 |
| | -21 073 | -94 608 |
| Anna kortsiktig gjeld | | |
| 2992 C Støtte til drift av anlegg og | -10 000 | -5 000 |
| 2993 D Støtte til barne- og | -22 750 | -10 000 |
| 2994 E Støtte til kulturarv og | -15 000 | -15 000 |
| 2996 B Støtte til andre | -900 000 | 0 |
| 2997 Støtte til fiberprosjekt Bjoa | -900 000 | 0 |
| | -1 847 750 | -30 000 |

Til styret i SØK-Stiftinga For Allmennyttige Og Liknande Føremål I SØK-området

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Uttalelse om årsregnskapet

Konklusjon

Vi har revidert årsregnskapet for SØK-Stiftinga For Allmennyttige Og Liknande Føremål I SØK-området som består av balanse per 31. desember 2022, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av stiftelsens finansielle stilling per 31. desember 2022, og av dens resultater for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under *Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet*. Vi er uavhengige av stiftelsen i samsvar med kravene i relevante lover og forskrifter i Norge og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Øvrig informasjon

Styret (ledelsen) er ansvarlig for øvrig informasjon som er publisert sammen med årsregnskapet. Øvrig informasjon omfatter informasjon i årsrapporten bortsett fra årsregnskapet og den tilhørende revisjonsberetningen. Vår konklusjon om årsregnskapet ovenfor dekker ikke øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapet er det vår oppgave å lese øvrig informasjon. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen og årsregnskapet og den kunnskap vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapet, eller hvorvidt øvrig informasjon ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom øvrig informasjon fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til stiftelsens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

Som del av en revisjon i samsvar med ISA-ene, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoen for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapet, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoen, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av den interne kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av stiftelsens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimater og tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- konkluderer vi på om ledelsens bruk av fortsatt drift-forutsetningen er hensiktsmessig, og, basert på innhentede revisjonsbevis, hvorvidt det foreligger vesentlig usikkerhet knyttet til hendelser eller forhold som kan skape tvil av betydning om stiftelsens evne til fortsatt drift. Dersom vi konkluderer med at det eksisterer vesentlig usikkerhet, kreves det at vi i revisjonsberetningen henleder oppmerksomheten på tilleggsopplysningene i årsregnskapet, eller, dersom slike tilleggsopplysninger ikke er tilstrekkelige, at vi modifierer vår konklusjon om årsregnskapet. Våre konklusjoner er basert på revisjonsbevis frem til datoen for revisjonsberetningen. Etterfølgende hendelser eller forhold kan imidlertid medføre at stiftelsen ikke kan fortsette driften.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapet, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapet gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et rettviseende bilde.

Vi kommuniserer med styret blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i intern kontroll som vi avdekker gjennom revisjonen.

Uttalelse om andre lovmessige krav**Konklusjon om forvaltning**

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendige i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag ISAE 3000, *Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon*, mener vi at stiftelsen er forvaltet i samsvar med lov, stiftelsens formål og vedtektene for øvrig.

Haugesund, 14. mars 2023
Deloitte AS

Jørn Marcussen
statsautorisert revisor

PENNEO

Signaturene i dette dokumentet er juridisk bindende. Dokument signert med "Penneo™ - sikker digital signatur".
De signerende parter sin identitet er registrert, og er listet nedenfor.

"Med min signatur bekrefter jeg alle datoer og innholdet i dette dokument."

Jørn-Didrik Marcussen

Statsautorisert revisor

Serienummer: 9578-5990-4-1647836

IP: 79.161.xxx.xxx

2023-03-16 07:15:55 UTC



Dokumentet er signert digitalt, med **Penneo.com**. Alle digitale signatur-data i dokumentet er sikret og validert av den datamaskin-utregnede hash-verdien av det opprinnelige dokument. Dokumentet er låst og tids-stemplet med et sertifikat fra en betrodd tredjepart. All kryptografisk bevis er integrert i denne PDF, for fremtidig validering (hvis nødvendig).

Hvordan bekrefter at dette dokumentet er originalen?

Dokumentet er beskyttet av ett Adobe CDS sertifikat. Når du åpner dokumentet i

Adobe Reader, skal du kunne se at dokumentet er sertifisert av **Penneo e-signature service** <penneo@penneo.com>. Dette garanterer at innholdet i dokumentet ikke har blitt endret.

Det er lett å kontrollere de kryptografiske beviser som er lokalisert inne i dokumentet, med Penneo validator - <https://penneo.com/validator>

Sak 5: Val av revisor og fastsetjing av godtgjersle til revisor

Deloitte har vore brukt som revisor sidan oppstarten av SØK-stiftinga, dette er same revisor som for SØK AS. Slik valnemnda ser det, av praktisk grunnar på grunn av fastsetjinga av verdiane i balansen i begge selskapa, er dette fornuftig også vidare framover.

Forslag til vedtak:

Deloitte blir valt som revisor for SØK-stiftinga. Godtgjersle til revisor blir sett etter rekning frå revisor.